

Aust-Telemark Vassområde

Kort saksutgreiing til styringsgruppemøtet 20.05.11

Sak 02.02: Forslag til prosjektplan for Aust-Telemark vassområde

Kommunestyra i Tinn, Vinje og Notodden har handsama eit forslag til prosjektplan for Aust-Telemark vassområde datert 11.11.10. Etter oppstarten av prosjektet i 2010 har arbeidsgruppa drøfta dette forslaget, og legg med dette fram eit revisjonsforslag datert 10.05.11 for styringsgruppa. Begge versjonane er vedlagt. Dei mest vesentlege endringane i revisjonsforslaget, er gjort i budsjett/ finansiering og i samansetninga av styringsgruppe, arbeidsgruppe og referansegruppe.

Bakgrunnen for endringane i budsjett- og finansieringsplanen er at regulanten ikkje ønskjer å bidra økonomisk til drift av prosjektet, men at dei vil vurdere bidrag til undersøkingar / utgreiingar med nytteverdi for eiga verksemnd. Dette er i tråd med oppfatninga i Direktoratet for naturforvaltning (DN) som i brev til EnergiNorge av 10.03.11 sier at forvaltningsapparatet i vassregionane i utgangspunktet er ei oppgåve for myndigheitene. Vidare skriv DN at det ikkje er heimeleg for å krevje medfinansiering frå næringsinteresser til organisering og drift av forvaltningsapparatet, og at ei kopling mellom næring og forvaltning også kan vera uheldig. Når det gjeld tiltaksretta overvaking, inkludert problemkartlegging, påpeikar DN at dei som har ansvaret for påverknader og miljøproblem, har eit finansieringsansvar, jf. naturmangfoldlova §11. Med bakgrunn i desse signala frå DN har derfor postane ”drift av prosjektet” og ”overvaking med problemkartlegging” fått eigne budsjett og finansieringsplanar i revisjonsforslaget. Prosjektet må arbeide vidare med fullfinansiering, både av driftsbudsjettet og budsjettet for overvaking/ problemkartlegging.

Etter råd frå politisk styringsgruppe i vassregionen om at regulant/ industri på lik line med andre rettighetshavarar, private og allmenne interesser skal kunne ivareta interessene sine gjennom deltaking i referansegruppa, har arbeidsgruppa gjort framlegg om endringar i samansetninga av styringsgruppe, arbeidsgruppe og referansegruppe.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa legg prosjektplanen datert 10.05.11 til grunn for arbeidet i vassområdet.

Sak 02.04: Høyring av planprogrammet for Vest-Viken vassregion

Vassregionmyndigheita (VRM) varsla oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Vest-Viken vassregion 01.12.10. Samtidig vart forslag til planprogram sendt ut på høyring med høyringsfrist 31.05.11. Planprogrammet skal sikre gode prosessar og tidleg medverknad i vassforvaltningsarbeidet, og synleggjera oppgåver som skal gjennomførast fram mot godkjenning av forvaltningsplanen som fylkesdelplan i 2015. Forslag til planprogram vart sendt til deltakarane i styringsgruppa saman med møteinnkallinga, på e-post 13.04.11.

VRM ønskjer eit samordna høyringssvar på planprogrammet frå kommunane i vassområdet, og styringsgruppa er derfor bedd om å handsame/ samanstillje svara frå kommunane. Planprogrammet vart handsama av samfunnsutvalet i Tinn kommune 02.02.11 (sak 2/11). Saka med vedtak er vedlagt.

I Notodden kommune blir planprogrammet handsama i teknisk utval 18.05.11.

Saksframlegget er vedlagt. Vedtaket blir framlagt på møtet.

I Vinje kommune er saka administrativt handsama utan merknader.

Arbeidsgruppa rår til at styringsgruppa gjev eit samla høyringssvar frå kommunane.

Forslag til høyringssvar frå styringsgruppa:

Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde har samanstilt høyringssvara frå Tinn, Vinje og Notodden kommunar til ein felles uttale på forslaget til planprogram for Vest-Viken vassregion som følgjande:

- Det bør presiserast betre i planprogrammet kva krav dei ulike sektorane har til å bidra i planarbeidet, fagleg og økonomisk.
- For å skaffe eit tilfredstillande fagleg grunnlag for gjennomføringa av vassforskrifta, er det naudsynt med nok faglege og økonomiske ressursar til karakteriseringsarbeidet i prosjektet.
- Planprogrammet bør informere betre om ”sterkt modifiserte vassdrag”(SMVF), d.v.s. kort om kriteriar for SMVF, utpeiking av kandidatar til SMVF, og endeleg utpeiking til SMVF, og elles vise til karakteriseringsrettleiaren på dette temaet.

Sak 02.05 Vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområdet

Vassområda i Vest-Viken vassregion skal innan 01.07.11 gje innspel om kva som er vesentlege vassmiljøspørsmål i det enkelte vassområdet. Vassregionmyndigheita (VRM) i samarbeid med vassregionutvalet (VRU) lagar dokumentet ”Vesentlege vassforvaltningsspørsmål” for regionen og sender det ut på høyring innan 31.12.11.

Høyringsdokumentet er meint å skape ein prosess som involverer alle aktuelle aktørar i vurderinga/ prioriteringa av utfordringane i vassområdet/ regionen. Ein god prosess som involverer aktørane i god tid før utkastet til den endelege forvaltningsplanen skal ut på høyring (innan 01.07.14), vil skape ei felles forståing av kva som er dei viktigaste forvaltningsspørsmåla og utfordringane, og vil kunne gje eit godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltningsplanen.

Følgjande punkt er viktige ved vurdering av vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområdet:

- Kva er dei viktigaste utfordringane i vassområdet?
- Kva er dei største påverknadene på vassmiljøet?
- Kva vassforekomstar er i risiko for å ikkje oppnå eller oppretthalde god/ svært god miljøtilstand i 2021?
- Kva mål og tiltak bør prioriterast fram mot 2021?
- Kva påverknader er ikkje vesentleg nok, eller manglar aktuelle tiltak/ verkemiddel slik at dei blir utsett til etter 2021?

Resultatet av karakteriseringa av vassforekomstane som skal vera ferdig i 2011, er eit viktig grunnlag for vurdering av vesentlege vassmiljøspørsmål, der særleg analysen av påverknader og risikovurderinga er viktig for prioritering av utfordringane. I tillegg må brukarmål og vesentlege interesser i vassområdet avklarast.

Arbeidsgruppa har sett opp ein førebels oversikt over det gruppa meiner er vesentlege vassmiljøspørsmål Aust-Telemark vassområde:

- Nedgangen i fiskbestandane i Møsvatn
- Manøvreringsreglementet for Møsvatn
- Manøvreringsreglementet for øvre del av Mårreguleringa
- Forureining frå leiingsnettet på Rjukan
- Vasskvaliteten i Måna
- Manglande renseanlegg på Våer

Forslag til vedtak: Arbeidsgruppa arbeider vidare for å skaffe eit godt grunnlag til å vurdere/prioritere ”vesentlege spørsmål” i vassområdet, og for å få ein god prosess som skaper brei medverknad frå brukarinteressene i dette spørsmålet.